

NotatDato: 29.08.2016
Arkivsak: 2015/9824-10
Saksbehandlar: birhau

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål vedk. status for Vardeprosjekt ved nye Åsane videregående skole

Fylkesrådmannen viser til møtebok frå Open time i fylkesutvalet 23.08.2016:

«Silje Hjemdal (Frp) bad om status for vardeprosjektet ved nye Åsane videregående skole. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med skriftleg svar.»

Fylkesrådmannen viser til vedtak i fylkesutvalet 19. mai 2016 i sak 124/2016 «Nye Åsane videregående skole som Vardeprosjekt»:

«Vedtak (samrøystes):

Nye Åsane vgs vert bygd etter prinsippa for eit Vardeprosjekt. Vidare skal det leggjast til rette for samarbeid med universitet og/eller høgskulesektoren for prosjekt innan energiøkonomisering.»

Definisjon av eit Vardeprosjekt er: Eit Vardeprosjekt er eit større nybygg eller ei større rehabilitering i offentlig regi. Alle lærefag som deltar i prosjektet, skal ha med lærling. Vardeprosjektet kan leggje til rette for utplassering av elevar og studentar.

Så langt er det søkt om midlar til to universitetsprosjekt som nyttar Nye Åsane vgs for målingar (har fått avslag på den første søknaden). Det er i kontrakt for byggeoppdaget sett krav om bruk av lærlingar

Elles er status at skulen er ute i ein design-/kostkonkurranse der tilboda/designet til dei prekvalifiserte leverandørane skal leverast innan måndag 21 november 2016.

Planlagt framdrift går fram av vedlegg kap 2.4.

